

Reglar for utlevering av nøkkelbrikke til folkevalde

Nøkkelbrikke til rådhuset

Alle kommunestyremedlemmane får nøkkelbrikke for å delta på gruppemøte på Rådhuset, for førebuing til møte i folkevalde organ i Sunnfjord kommune.

Nøkkelbrikka gir tilgang til møteromma i 4. etasje på Rådhuset. Du kan bruke hovudinngangen, inngangen i smauet mot Fokusgården eller inngangen til 4. etasje via trappa på utsida.

Du må sjølv hente eigen nøkkelbrikke på Førde tenestetorg. Ved tap av nøkkelbrikke skal du straks varsle Politisk sekretariat.

Reservasjon av møterom til gruppemøte

Møte i dei politiske kommunestyregruppene i Sunnfjord kommune (gruppemøte) blir rekna som ein del av den kommunale drifta. Kommunestyregruppene skal difor ikkje betale leige for møterom.

Oversikt over møterom i 4. etasje som de kan bruke:

Møterom	Tal personar	Utstyr
Møterom Sunnfjord	70 personar	Teleslynge
Møterom Jølstra	50 personar	Utstyr for teamsmøte, teleslynge
Møterom Steinkorsen	20 personar	Utstyr for teamsmøte
Møterom Haukedalen	20 personar	Teleslynge
Møterom Angedalen	9 personar	Utstyr for teamsmøte

Alle møteromma har projektor og skjerm.

Gruppeleiar tar kontakt med Politisk sekretariat for å bestille/avbestille møterom. Kontaktinformasjon:

- politikk@sunnfjord.kommune.no
- Svanhild Røkenes, 57 72 61 43/97 57 50 55

Ved reservasjon av møterom treng vi følgande opplysningar:

- Namn på partigruppe og gruppeleiar sin e-postadresse og telefonnummer
- Kva møterom de vil leige
- Dato og klokkeslett

Vi må bekrefte reservasjonen via telefon eller e-post til gruppeleiar før reservasjonen er i orden.

Reglar for bruk av møterom til gruppemøte

- De kan bruke møteromma alle dagar i tidsrommet kl. 07.00–24.00.
- De kan bruke møteromsutstyret og publikumsnett. Passord til publikumsnett er: wlansys2009.

- Møteromma har standard oppsett med bord og stolar og dersom de gjer endringar skal de rydde tilbake til standard oppsett etter bruk.
- Møterommet skal vere ryddig etter bruk, de skal kaste brett i avfallsbeholdarar i fellesområdet/kantina.
- Alle må betale dersom dei hentar kaffi frå kantina sitt kaffitilbod. Sjå oppslag om vipps-betaling ved kaffimaskinene. Alternativt kan de ta med eigen kaffi.
- De kan bruke kantina sitt servise, men må samle det saman og setje det på ryddestasjonen etter bruk.
- Til møte innanfor kantina sine opningstider, kan de bestille mat og drikke via eige bestillingsskjema. [Møtematbestilling - Rådhuskantina](#)

Leige av møterom på Rådhuset til andre politiske møte

Møte i partiorganisasjonen på både på lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå skal betale leige. Det blir rekna som eksterne møte og blir likebehandla med andre lag og organisasjonar. Døme på dette er nominasjonsmøte eller styremøte i lokallaget, opne politiske møte, årsmøte og liknande. Då gjeld dei generelle utleigereglane for Rådhuset så langt dei høver: [Informasjon om prisar og generelle utleigereglar.](#)